

nr. 4 - 2010

# PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



© Astid Echemmer-Henneland

## TAR TIDA I BRUK

I Heddeli barnehage har bleieskift, ryddestund og måltid blitt arenaer for språkarbeid.

TEKST: TOYNI TOBEKK

Bøker er berebjelken i kulturformidlinga. I Seljord gir mållaget bokgåver til alle barnehagane.

— I staden for å skunde på ungene ved toalettbesøk, eller å rydde ut av oppvaskmaskina åleine, bruker vi no desse stundene til samtalar med barna, seier avdelingsleiar Nina Merete Bakkåker i Telemark-barnehagen.

### Oppjusterer rutinane

Ro og fordjuping er stikkord snarare enn det å forte seg å bli ferdig når biletet skal hengjast opp, skuffer og skap skal ryddast, støvlar og kjeledressar skal på. Dei vaksne fungerer som språkmodellar for barna og rutinesituasjonane, som barnehagedagen er proppfull av, blir til lærings- og språksituasjonar. Bakkåker forklarar:

— Vi startar ei kort samlingsstund med å trene munnmotorikken. Då har vi til dømes øvingar kor tunga slikjer nasespissen, ganen, innsida av tennene eller munnholen. Vi gjespar og gapar og førebur munnen på mange timar med kommunikasjon.

Barnehagen har også ei dagtavle, som er framme kvar dag. Der står det kva dag og dato det er i dag, og kva vi skal gjere saman, ei verdifull kjelde til dagleg samtale. Rundt om i barnehagen heng bilete av bokstavar, tal og tekstar. Skuffer og skåp er merka med ord og

bilete. Og kvar månad har barnehagen eit dikt som ungene lærar utanåt innan månaden er omme.

— Denne månaden har vi hatt *Dinkeli, donkeli, døye heiter ei grøn papegøye*, fortel Bakkåker.

— *Kvifor bruker de så mykje tid på språkutvikling?*

Mange barn har problem med språket. Somme klarar til dømes ikkje å uttale alle lydane rett, somme har dårleg ordforråd, andre har vanskar med å uttrykke seg av andre grunnar, forklarar barnehagelæraren. Gjentakande øvingar i det daglege,

I Heddeli skal alle fem-åringane framføre eit lokalt segn

samtaler i små grupper med medvitne vaksne språkmodellar, hjelper i så måte betre enn éi intensiv økt i veka, som er det ein logoped i beste fall kan tilby. Derfor er barnehagen sin jobb så viktig, seier Bakkåker.

### OPPTÈKNE AV IDENTITET

Seljord kommune var tidleg ute og har dei siste 5 åra hatt ei medvitne satsing på språkutvikling. Det blei nedsett ei prosjektgruppe med representantar frå alle barnehagane leia av pedagogisk-konsulent.

— Vi har dessutan ein politikk på at heile

## SPRÅKSTIMULERING I SELJORD

AV ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Alt samvære er språkleg samvære, seier pedagogisk konsulent i Seljord kommune, Tone Bøhn.

Sidan 2005 har Seljord kommune satsa på språkstimulering i barnehagane. Via prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Telemark har dei fått auka kompetansen i personalet, laga plan for språkstimulering og fått samla og bygd opp verktoy, lokalt kulturstoff og metodar for språkstimulering.

— I barnehagen nyttar ein språk heile dagen i alle samanhengar, understrekar Bøhn. Seljord har mellom anna segna om Seljordormen, som vert nytta i barnehagane for det det er verd.

### SPRÅKLEG VARIASJON

Blant innbyggjarane og personalet i Seljord er det mange

innflyttarar og ulike språk. — Me har respekt for talemålet, understrekar Bøhn. Samstundes er nynorsk skriftspråket i kommunen og difor er val av nynorsk litteratur og tekstar på nynorsk viktig. Samstundes er det viktig at ein kan stilla spørsmål ved kva som vert sagt, og kvifor nokre har eit anna uttrykk enn det ein er van med. — Det er også med på utvikla språkforståinga hjå borna.

Via språksatsinga i barnehagen reviderte kommunen i 2005 den lokale rammepleanen; barnehagen skal støtta og styrkja borna sine evner til å kommunisera språkleg. Barnehagen skal også hjelpa barnehageborna til å bli medvitne kulturberarar, fyrst og fremst med kjennskap til sin eigen lokale kultur via lokale segn, soger, fortellingar og vers. Det vart på 80-talet gjort eit stort inn-



Tone Bøhn er pedagogisk konsulent i Seljord kommune.



personalet skal få eit løft, ikkje berre nokre få som har fått gå på kurs. Vi har kursa oss i alt frå forteljeteknikk til korleis ein førebyggjer lese- og skrivevanskar.

I den lokale rammeplanen for barnehagen står det at barnehagen skal legge til rette for språkstimulering gjennom språkfremjande aktivitetar, og vidare at ein skal nytte lokal dialekt og nynorsk i songar, forteljingar, rim og regler så langt det let seg gjere. Kor viktig meiner Bakkåker målforma blir i ei slik satsing?

— Det er viktig for barn å vite «Kor kjem eg frå?». «Kor er røtene mine?». Vi er opptekne av identitet. I neste omgang handlar det om å utvikle respekt for andre. Vi bruker mest mogeleg nynorsk-bøker. Lokale segn og soger

er og ein viktig del av formidlinga. I Heddeli skal alle femåringane framføre ei lokal segn i løpet av barnehageåret.

## SKATTKAMMER

Alle  
nytilsette  
får ein  
språkperm

Barnehagen samlar alle ressursar som kan nyttast av fortelje- og songskattar i språkpermane som alle nyttilsette får utdelt etterkvart som dei kjem til. Slike ressursar må vere lett tilgjengelege, meiner Bakkåker. Barnehagen har òg eit eige skattkammer kor ikkje berre bøker og cd-ar er samla, men også ressursar som kan brukast til å visualisere det personalet fortel eller syng for barna.

Bibliotek og helsestasjon er og naturlege samarbeidspartar i språkarbeidet, samstundes som at barnehagen bruker nærmiljøet aktivt.

— Apropos bøker. Ingen barn hjå oss slepp unna boklesing. Noko av det viktigaste av førebyggjande arbeidet som vi kan gjere er å lære barna å bli glade i bøker.


— Vi jobbar òg aktivt med å kartleggje språkutviklinga til kvart enkelt barn, seier Bakkåker, som vil understreke at det ikkje handlar om å stemple barna på nokon måte. — Gjennom kartlegging blir vi kjende med dei behova som barnet har, og dermed lærer vi kor vi vaksne skal setje inn ressursane, avsluttar ho.

geborna og dei tilsette.

Eit av bokprosjekta som barnehagane har jobba med har vore at fireåringar har lese for dei yngre. Dette er ein stor suksess, i følge Bøhn. I tillegg er det eit godt utvikla samarbeid mellom biblioteket, helsesystema og barnehagesektoren i kommunen. Bibliotekaren er inne og presenterer bøker for foreldre og barn allereie på helsestasjonen, fortel Bøhn. I tillegg er mållaget, sparebanken og kommunen med og sponsar bokgåver til alle 4-åringane i kommunen. Mållaget gir òg bokgåver med nynorske barnebøker til alle barnehagane.

## Forelska

*Av: Rébecca Dautremer  
Omsett av Tove Bakke  
Skald 2010*



Kva er det egentleg å vere forelska? Er det å falle pladask ned på nokon? Eller er det når ein er sprut-

raud i fjeset? Er det berre noko prinsar og prinsesser er? Og kan ein ikkje brenne seg på forelskinga? Er ikkje det ein brann?

Det er mange spørsmål som dukkar opp når ein prøver å finne ut av kva forelsking egentleg er. Det er det også hjå Simone, Olav og dei andre barna i barnehagen som me møter i boka *Forelsking* av forfattar og illustratør Rébecca Dautremer.

Og det er undringa som driv handlinga i boka framover. Olav plagar Simone i barnehagen, og dei vaksne lurar på om det ikkje kan bety at han er forelska i Simone? I barnehagen blir det mange frodige og gode dialogar om kva det betyr å vere forelska, og kven som forelskar seg.

— *Forelska, det er å sitje inni tankane og drøyme, sa Vesle – Thomas.*

Illustrasjonane i boka er varme, sterke og fargerike. Og det absolutte høgdepunktet. Det gjer ingenting at tekstlinene er få og små, det gjer berre at teikningane får eit endå større handlingsrom. Dette er ei bok som er god å bla i, peike i og undre seg i.

Likevel kan ein som lesar ynskje seg ei sterkare historie. Dautremer er god til å ta borna på alvor med sine tankar og assosiasjonar. Og teksten treng ikkje vere verken framtrudande eller lang i ei slik bok, men historia skrik likevel etter noko anna og noko meir på slutten der Olav kjem attende og er like plagsam mot Simone, og alt er som før. Etter all denne undringa blei kanskje slutten litt enkel.

*Judith Sørhus Litlehamar*

## SPRÅKRÅD TIL FORELDRE

- Snakk med barnet ditt om kva det opplever.
- Lytt til barnet ditt.
- Syn interesse for det barnet snakkar om og be om utdjujing viss noko ikkje er presist eller er vanskeleg å forstå.
- Snakk om kva ord betyr.
- Fortel historier og vitsar.
- Lytt til barnet sine vitsar — med eller utan poeng.
- Gje oppmuntring og ros!!!
- Då gir du barnet ditt tillit til seg sjølv og eigen språkkompetanse.

(Kjelle: Seljord kommune)

samlingsarbeid av denne typen kulturarv i Seljord, som barnehagane kan nytta godt av i dag.

## MÅ HALDA TRYKKET OPPE

— Me må ha eit språktema ein gong i året, fortel Bøhn. — Dette gjeld dei vaksne i barnehagen. Vi brukar ein personalutviklingssamheng, eit kurs, eit fagtreff eller liknande til kompetanseutvikling eller drøfting innafor språklege tema kvart år.

Me må vera aktive for å halda oppe trykket og halda språkprosjektet ved like, held ho fram. Resultata er veldig positive både for barneha-



www.pirion.no

## PIT PARION

# Pass deg for krokodilla!

**V**iss du seier ja til alt endar du opp i magen på ei krokodille, smiler Kari Stai. Boka hennar om *Jakob og Neikob* har fått mange utmerkingar og ligg på utlånstoppen i barnehyllene på biblioteket. No kjem endeleig ei ny bok. Ei bok om blod!

*Blodrik og Blodfabrikken* er ei fortelling om oppfinnarevne og skaparkraft, fortel forfattaren. – Vi manglar noko, det må vi lage, vi kan gjere det sånn! Kari Stai skriv og illustrerer sjølv. Bileta kan sjå ut som kollasj, men er eigentleg teikningar utan strekar, fortel ho og forklarar korleis ho tek vekk strekane fordi ho vil ha illustrasjonar med fokus på form.

Blodrik er proppfull av blod. Han har ein eksplosiv blodtype og må tappe blod

klar dag for ikkje å sprekke. Da er det godt å ha den tørste Myggen som venn. Blodet bruker dei i Blodfabrikken. Der lagar

dei alt mogleg som er veldig raudt, som chiliketsjup, neglelakk, julepynt – og jukseblod.

Ein dag står triste Vanda i døra og spør om dei kan lage eit nytt hjarte til hunden hennar Ruth, som ho saknar så grueleg. Det gamle hjartet har slutta å verke. Dei legg ein plan. Men planen går ikkje heilt som han skal. – Ting blir ofte annleis enn vi har tenkt, men oftast er det bra, seier forfattaren lurt.

Bøkene til Kari Stai opnar for filosofiske samtalar der ein kan undre seg saman. – Eg vil ikkje bruke ord som «livet» og «døden», seier ho. Men forteljinga om Blodrik er på mange måtar vertikal, den strekker seg mot skyene. I boka om Jakob og Neikob er handlinga meir horisontal og jordisk – dei held seg på bakken, fer ut i verda, men kjem att.

Temaet i Jakob og Neikob er rett og slett grensesetting. Som foreldre og gode vaksne er dette ei dagleg utfordring. Men vi må ikkje gløyme å lære borna å sette grenser kring seg sjølve. Det er viktig å lære seg å seie nei på ein god måte. På eit godt språk. Om ein alltid svarar ja blir ein krokodillemat, avsluttar ho.



JANNE KARIN STØYLEN

Litteraturmedarbeidar  
Nasjonalt senter for  
nynorsk opplæring

**Jakob og Neikob er no blitt animasjonsfilm. Set småtrolla framfor datamaskina og snurr film:** [www.nynorsksenteret.no/lesformeg/stove.php?id=2](http://www.nynorsksenteret.no/lesformeg/stove.php?id=2)

## Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

**OM KURSET** Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i arnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å for midle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid.

Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

**Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?**

**OM PIRION** Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion åtte gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkursa er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

**OM KURSHALDARANE** Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

**KONTAKT** Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland: tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88 (måndag og tysdag mellom 9 og 15) epost: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)

**PiRion-kurs**



**Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)** Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)